

Delta i debatten,
skriv til oss!

Send ditt innlegg til
debatt@nationen.no.
Innlegg kan også sendes pr. post til

Nationen, Postboks 9390 Grønland, 0135
Oslo. Mer konvolutt «debatt». Innlegg
som sendes elektronisk blir prioritert.

Kronikk: Max 5000 tegn med mellomrom.
Leserinlegg: Max 2500 tegn med mel-
lomrom. Kun bestilte kronikker honoreres.

Redaksjonen forbeholder seg retten til
å redigere og forkorte innsendt stoff
og til å publisere det elektronisk.

KRONIKK



Døme: Vik i Sogn og Fjordane var eit av døma turistane i forskingsprosjektet vart spurde om.

FOTO: ANDERS BRYN

I opphavet var skogen

Me har knapt sett eitt einaste gardsbruk», sa den hollandske kvinna, ho var mesta overraska over spørsmåla me stilte. Vår interesse for kva turistane ser i det norske landskapet og særleg kva rolle jordbruket sitt kulturlandskap spelar for deira oppleving av Noreg var berre underleg for ho. Ho var då slett ikkje komen til Noreg for å sjå på jordbrukslandskap, snarare var det fråveret av dei flate monotone rapsåkrane som trakk ho, fråveret av dei mesta ende-lause mjølkebruka der kyrne berre hadde fått avsett ein gall-trakka luftegard for å fylle EU-krava. Det var det andre ho var koma for å sjå, ho ville sjå det ho ikkje såg heime, ho ville sjå det ekte og det opphavlege, det som hadde vore før, «før folkemasane», som ho sa.

Rett nok hadde ho sett «nokre få sauer og ei og anna kyr», men ho hadde vanskar med å kalle det landbruk. Vegen over Vikafjellet frå Voss og nedstiging gjennom dei bratte liene til denne lune vika i Sognefjorden hadde vore dramatisk og vill for ho. «Det er vakkert å sjå at det er folk her og at dei enno lever i slik pakt med naturen». Ho peiker på dei to bileta me har gitt ho å sjå på og tenker seg om ein liten augeblink før ho seier; «Hadde dette vore heime hadde alt dette vore eitt stort samanhengande gardsbruk

NOREG

«Turistane ser kulturen sin konstante infiltrering av naturen som eit refreng i representasjonen av Noreg.»

og alle husa hadde vore plassert der lengst bak i bildet». Me let ho få sjå litt lenger på dei to bileta utan å spørje noko meir. «Det er det som gjer Noreg vakkert», seier ho, «alle desse små jordlappane». Ho løfter blikket og ser utover Viksøyri, det same landskapet som ho har på fotografia. «Det er variasjon det handlar om», seier ho, «det at det skjer noko heile tida, at landskapet forandrar seg etter kvart som du flyttar blikket».

I samband med forskingsprosjektet «Reiseliv og kulturlandskap – kjenneteikn, forvaltning og opplevingar», finansiert over forskingsrådsprogrammet kultur og næring, tråla me kommunane Hadsel i Vesterålen, Vik i Sogn og Øystre Slidre i Valdres på leit etter meddelsame turistar. Bakgrunnen for prosjektet er den stadig gjentekne påstanden om at reiselivet er avhengig av landbruket som landskapsforvaltarar. I takt med redusert beitebruk og stadig aukande gjennomsnittstemperaturar veks også medvitnet om at oppslag av kratt, busker og tre er i ferd med å endre landskapet som omgir oss. Landskapet gror att og i dei seinare åra har også reiselivet uttrykt uro for at den pågåande attgroinga vil svekke Noreg sin attraktivitet som reisemål. Det er det prosjektet vårt ønskjer å seie noko om – korleis vil attgroinga innverke på opplevinga turistane har av Noreg og det norske landskapet?

Og nettopp variasjon er eitt av dei orda som, saman med fotefar og kontrast, best oppsummerer inntrykket vårt. Denne stadige blandinga av opne jorde og skog, av høgfjell og fjøre og titte skift mellom vidder og bergvegger held turistane vaken og jamt interessert i landskapet.

«**Det var berre** skog, skog og atter skog», sukka eit tysk ektepar, dei hadde reist gjennom Finland og Nord-Sverige, men «. då me kom til Noreg endra alt seg», kunne dei fortelje. Variasjonane i landskapet gjorde dei merksame på kva landskapet fortalde dei. For, som eit eldre italiensk ektepar sa;», det ligg historier i landskapet». Dei små jordlappane og dei få sauene, alle småbruka og dei einslege husa kring om i landskapet vitnar om eit liv med røter i noko ekte. Det vitnar om fotefar etter folk i generasjonar, og minner ein på at menneske er sårbar. Det fortel historia om skandinavisk einsemd, ei historie turistane også ventar å finne og som dei kjenner att frå skandinavisk litteratur og film. Dei reisande ser Hamsun sine karakterar i landskapet og dei ser Bergmann sin stilfarne kameraføring, dei ser eit autentisk drama mellom menneske og natur, dei ser liv og dei ser død og dei ser historie.

Samstundes ser dei berekraft og økologi og representasjonar om det gode liv i ein rural idyll og dei ser sitt eige sære sagn etter «..lebensraum» (livsrom). Men fyrst og fremst ser dei at kulturen sin konstante infiltrering av naturen framstår som eit refreng i representasjonen av Noreg og det norske landskapet – kontrastane sitt landskap. Den spreidde busetnaden, dei små mesta litt hjelpe-lause husa som klamrar seg fast i «villskapen» understrekar dramatikken og markerer naturens majestetiske framtoning.

Men kor lenge vil det vare, kor lenge vil dette dramaet vere synleg for turistane når dei reiser kring i dette langstrakte landet? I takt med nedlegginga av distriktsjordbruket veks fotefara att, forteljningane forsvinn i små-

skog og kratt og tek mennesket ut av naturen. Småbruka og husmannsplassane tømstast og dei rurale grendene krympar i takt med at tettstadene veks – og dramaet forsvinn i naturen.

Der den norske turisten uttrykker ei tydeleg uro og er rimeleg klar på at noko må gjerast med attgroinga før «. me ikkje ser oss sjølve lenger», er utlendingane meir sympatisk innstilt til attgroinga. For i motsetning til nordmennene sine referansar til det dei ser som det opphavlege landskapet – det opne og intensivt beita jordbrukslandskapet frå midten på 1800-talet – ser utlendingane på skogen som det opphavlege. I deira bilete har mennesket fortrengt skogen og dermed tillegg dei skogen ein moralsk rett til å ta tilbake det den ein gong hadde. Dei gir skogen æra for variasjonen dei ser og tenker at utan skogen hadde landskapet vore eit monotont jordbrukslandskap.

Men det finst ei grense for gjen-groing, ei grense me kjem nærare for kvar dag. For «. sjølv om det ikkje er eit problem i dag, og kanskje ikkje i morgon», som eit dansk ektepar sa, «. så vil Noreg vere utilgjengeleg om berre få år». Det vil ikkje einast vere vanskeleg å ferdast i terrenget, det vil i tillegg vere mesta umogeleg å lese historia og forteljningane utav landskapet – forteljningane om nordmannen. Og forsvinn fotefara – forsvinn kontrastane og variasjonen – ja då forsvinn òg turistane.

Bjørn Egil Flø

Forskar, Norsk senter for bygdeforskning
Anne-Marit Haugland Grimsbo
Student, Noregs Teknisk Naturvitenskaplege Universitet

JORDBRUK

Hvorfor jordvern?

Kraftig befolkningsøkning og klimaproblemer gjør at verden står overfor meget store utfordringer når det gjelder framtidig matforsyning. Over en milliard mennesker sulter, og mange land preges av vannknapphet og mangel på jordbruksarealer. Matvarekrisen forsterkes ytterligere av endrete matvaner i land som har fått økt velstand. En av konsekvensene av denne situasjonen ser vi nå ved at rike land og internasjonale selskaper har begynt å investere i matjord. Det blir derfor stadig viktigere at alle land prioriterer egen matforsyning. For å sikre at matproduksjonen øker i takt med befolkningsveksten, er det i 2020 behov for to millioner dekar jordbruksjord mer enn i dag i Norge.

Norge har svært lite dyrket mark på grunn av topografi og klima. Kun 1,3 prosent av Norges areal er egnet for matkornproduksjon. Jordbruksarealet pr. innbygger i Norge har gått ned, og kornarealet pr. innbygger er lavere enn gjennomsnittet i Europa. Vi har nesten ikke reserver med sikte på nydyrking i de beste klimasonene. At den beste jorda ligger der utbyggingspresset er størst, skaper ekstra store utfordringer i forhold til forvaltning av arealene. Dyrket jord er en begrenset ressurs. Blir den varig omdisponert, er den tapt for alltid.

HOVEDANSVAR

«Det er kommunene som har hovedansvaret for å ta vare på jordressursene.»

Det er kommunene som har hovedansvaret for å ta vare på jordressursene ved sin forvaltning etter lovverket. Planlegging etter plan- og bygningsloven er det viktigste virkemidlet for forvaltning av arealer. Dette innebærer at kommunene må sørge for at nasjonale jordvernmål nås gjennom planlegging og forvaltning lokalt. Oppstår det arealbrukskonflikter, må jordvernet prioriteres. Utbyggingsinteresser har fleksible arealbehov, og må i størst mulig utstrekning kanaliseres over på uproduktiv grunn, som vi nærmest har ubegrenset tilgang på.

Olav Bjotveit

1.-konsulent
i Buskerud Bondelag